

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

**Torbjørn Vereide (A)** sette på vegner av A, UA, Frp, H, Sp, Krf fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Vestland fylkeskommune må saman med dei omfatta kommunane samarbeide om å finne ei tenleg organisering og oppdatering av vedtektene. Oppnemning av politiske medlemmer i mineralrådet vil bli gjort ved ny sak om organisering.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.
3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.»

**Mark Taylor (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland.  
Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid vert vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering for eit mineralråd for heile Vestland fylke.  
Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunar om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling.  
Fylkestinget presiserer at ei berekraftig utnytting av mineral føreset full utnytting av alle ressursane, inkludert restmassar, utan deponering av gruveavfall i sjø og utan fjelltoppkapping. Fylkeskommunen sitt administrativt samarbeid med kommunane vert difor avgrensa til næringsutvikling som fremjar slik drift.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til, med føresetnaden at mineralrådet avgrensar sin aktivitet til næringsutvikling utan fjelltoppkapping, utan deponering av gruveavfall i sjø og med full utnytting av ressursane.»

### **Avrøysting**

Taylor sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkestinget fekk 3 røyster (MDG, SV, V) og fall.

Vereide sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (MDG, SV, V).

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Vestland fylkeskommune må saman med dei omfatta kommunane samarbeide om å finne ei tenleg organisering og oppdatering av vedtektene. Oppnemning av politiske medlemmer i mineralrådet vil bli gjort ved ny sak om organisering.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.
3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.